



Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2210 - 18/24123

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

15.11.2018

## Forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2019-2020

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gir rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2019-2020 bygger i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune, og er samkjørt med Radøy og Lindås kommune. Den vedtekte skuleruta for Bergen kommune er drøfta i styret for Nordhordland kompetanseregion. Styret er semje om ei målsetting om å ha ei tilnærma felles skule- og barnehagerute i regionen.

### Planleggingsdagar i skule

Alle grøne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (8. november og 31. januar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

### Høyringsinnspel

Høyringsfristen var 22.10.2018. Det kom inn seks innspel. Alle innspel er vurdert og ligg som vedlegg. Det har vore eit mål å la fridagar i barnehage vere på same dag som fridag i SFO og skule. Det betyr at ikkje alle innspel frå barnehagane har fått medhald. Fridager for skulane er like med skulane i Lindås og Radøy kommune.

Med helsing

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Reidun Elin Johannessen  
skulefagleg seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skulerute 2019-2020 Vedteken 15.11.2018

Innspill skoleruten 2018-2019

**Mottakere:**

Barnehagar og grunnskulen i  
Meland